



Ytre Sogn vassområde

Sogn og Fjordane vassregion

Referat frå møte i Ytre Sogn vassområdeutval

Tid: Onsdag 12. desember 2018 kl. 09:45 – 13:45

Stad: Lavik Fjord Hotell

Frammøtte:

Tor Arne Hauge

Tom Færøy

Harald N. Offerdal

Idar F. Blom

Petter Sortland

Synne Vefring

Olav Turvoll

Karen Weichert

Torleif Sundbotten

Rune Håvåg

John Anton Gladsø

Susan Solbrå

Merete Farstad

Christian E. Pettersen

Solund kommune, adm. medlem

Solund kommune, politisk varamedlem

Balestrand kommune, politisk medlem

Hyllestad kommune, adm. medlem

Høyanger kommune, politisk medlem

Høyanger kommune, adm. medlem

Vik kommune, politisk medlem

Vik kommune, adm. medlem

Gulen kommune, adm. medlem

Gulen kommune, politisk medlem

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vassområdekoordinator (referent)

Ikkje møtt:

Gunn Åmdal Mongstad

Leif Eide

Elin Beate Breidvik

Arne Abrahamsen

Jørgen Hundseth

Solund kommune, politisk medlem

Hyllestad kommune, politisk medlem

Hyllestad kommune, politisk varamedlem

Balestrand kommune, adm. medlem

Balestrand kommune, adm. varamedlem

Statens vegvesen, Region Vest

Mattilsynet, Sør og Vest

Fiskeridirektoratet, Region Vest

Norges vassdrags- og energidirektorat, Region Vest

Kystverket, Vest

Orienteringar

Endring av vassforskrifta

Vassområdekoordinator fortalte kort om prosessen med å endre vassforskrifta. Det starta med høyring av forslag til endringar i vassforskrifta hausten 2017. Blant dei viktigaste endringane som blei foreslått var:

- Overføring av ansvar og oppgåver frå fylkeskommunen til fylkesmannen og Miljødirektoratet
- Vassforvaltningsplanane ikkje lenger regionale planar etter plan- og bygningslova
- Heimling i naturmangfaldlova i staden for plan- og bygningslova

Ytre Sogn vassområdeutval leverte høyringssvar der fleire av endringane blei problematiserte og det blei formidla at det i grove trekk var ønskjeleg å halde fram med eksisterande organisering av vassforskriftarbeidet.

I juni 2018 blei arbeidet med å endre vassforskrifta stilt i bero, før det i oktober til slutt blei bestemt at det berre skulle gjerast enkelte mindre endringar. Dei ovannemnde endringsforslaga blei dermed ikkje realisert.

Revidert vassforskrift trådde i kraft 1.1.2019.

Status for miljøundersøkingane i Ytre Sogn vassområde i 2018

Vassområdekoordinator orienterte om status for miljøundersøkingane som er gjort i vassområdet i år. Undersøkingane er i tråd med aktivitetsplanen for 2018, og har som mål å løfte kunnskapsgrunnlaget og utgreie tiltak innanfor påverknadene avløp, landbruk, forbyggingar og utrettingar av elver, og veg.

Vassområdekoordinator og kommunane har teke vassprøver på fleire prøvetakingsstasjonar i totalt 44 elver/bekker i heile vassområdet. Alle stasjonane er prøveteke fire gargar. Rapport er venta over nyttår.

Faun Naturforvaltning AS har undersøkt planteplankton og vasskjemi i tre innsjøar. Alle innsjøane blei prøveteke seks gargar. Rapport er venta rundt nyttår.

12 elver er prøveteke for botndyr, påvekstalgar og heterotrof begroing. Det er Faun Naturforvaltning AS som står for undersøkinga. Rapportfrist er 1. mars.

NIBIO har gjennomført problemkartlegging og tiltaksanalyse for Espelandsvatnet. Arbeidet er ferdig, og rapport er levert.

Hydromorfologiske undersøkingar blir gjort av NORCE (tidlegare LFI Uni Miljø) i tre elver. Arbeidet er starta opp, og skal vere ferdig rapportert 1. september 2019.

Prosjektet som skal sjå på vandringshinder ved kommunale vegar starta opp i haust. Mesteparten av arbeidet i prosjektet er planlagt å skje i 2019. Ferdigstilling same år.

Som eit forprosjekt til fylkesprosjektet for avløp, har Sogn og Fjordane fylkeskommune sett nærare på spreidde avløpsanlegg i vassområdet, og digitalisert prioriterte område der det ligg avløpsanlegg med høgt potensial til å påverke vassførekomstar.

Revidering av Regional plan for vassforvaltning (vassforvaltningsplanen)

Merete Farstad orienterte om prosessen med å oppdatere Regional plan for vassforvaltning:

Regional plan for vassforvaltning 2022 – 2027

Tida er no inne for å starte arbeidet med å oppdatere regional plan for vassforvaltning for planperioden 2022 -2027. Fylker som har eit vedtak på å slå seg saman er av KLD bedt om å samarbeide om ein felles vassforvaltningsplan. Det betyr at vi vil førebu ein felles vassforvaltningsplan for Hordaland og Sogn og Fjordane 2022-2027.

I planprosessen skal følgjande plandokument oppdaterast og leggjast ut på høyring innan 1.4.2019 (KLD har utsett fristen frå 1.1.19 til 1.4.19)

1. Planprogram
2. Hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda (Tidlegare kalla *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål*)

Følgjande plandokument vert oppdatert og lagd ut på høyring i 2020. Meir informasjon om desse dokumenta kjem seinare.

1. Regional plan for vassforvaltning
2. Tiltaksprogram
3. Handlingsprogram

Miljødirektoratet har utarbeidd utkast til malar for planprogram og hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda.

Planprogrammet

Planprogrammet vil omtale endringar i planområdet for vassforvaltningsplanen frå 1.1.2020.

Dersom ein ønskjer å endre grensene for vassområda bør dette meldast inn som innspel frå vassområdeutvalet ev. kommunane.

Hovudfordringar i vassregionen og i vassområda

Dokumentet Hovudutfordringar inneheld ein oppdatert oversikt over m.a. miljøtilstand, påverknadar og status for gjennomføring av tiltak. Datagrunnlaget vert henta frå databasen Vann-nett. Det er viktig at alle sektorstyresmaktar inkludert kommunane, kvalitetssikrar datagrunnlaget i Vann-nett innafor sine ansvarsområde. Dersom de har data eller opplysningar som bør inngå i databasane Vann-nett og Vannmiljø, ber vi om at de sender over datagrunnlaget/ nye opplysninga etc. til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kommunane tek kontakt med vassområdekoordinatorane dersom datagrunnlaget i databasane bør endrast/oppdaterast. Fylkesmannen er ansvarleg for å oppdatere Vann-nett og Vannmiljø.

Det skal utarbeidast eigne dokument for kvart vassområde om hovudutfordringar i vassområdet (sjå nedanfor).

Framdriftsplan

Arbeidsutvalet til Sogn og Fjordane vassregionutval har ansvar for å utarbeide framlegg til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen jf. vedtak i møtet i vassregionutvalet 4.10.2017. Utkast til dokument vert vurdert/tilrådd av arbeidsutvalet i januar/februar. 19. Eiga innkalling til dette møtet kjem seinare. Innspel til desse dokumenta må sendast seinast til fylkeskommunen innan 1.1.19. Dokumentet vert lagd ut på 3 månaders høyring frå 1.4.19.

Statlege sektorstyresmaktar vert kalla inn til eit arbeidsmøte i desember 2018. Kunnskapsgrunnlaget i Vann-nett vert vektlagd på møtet. Statlege sektorstyresmaktar må rekne med å bidra innanfor sine

ansvarsområde inn i planprosessen og med oppdatering av plandokumentene. Vi ber sektorstyresmaktar vurdere om dei har nye data/ opplysningar/ kunnskap som bør inkluderast i arbeidet. Vi ber alle sektorstyresmaktar kvalitetssikre datagrunnlaget i Vann-nett (spesielt påverknadsgrad, manglande påverknadsgrad, feil etc.). Innspel til endringar eller nye opplysningar skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ John Anton Gladsø innan 1.12.2018.

Leiarane av vassområdeutvalet og vassregionutvalet møttast på Skei 16. november for orientering og drøfting av arbeidet som skal skje den nærmaste tida.

Det blir halde møte i vassområdeutvala før årsskiftet. I forkant av møta i vassområdeutvala har vassområdekoordinatorane ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget med kommunane (møte i prosjektgruppene eller liknande). Kommunane må kvalitetssikre kunnskapsgrunnlaget innanfor egne ansvarsområde innan 1.12.18. Vassområdeutvala sender utkast til hovudutfordringar i vassområdet innan 1.1.2019 til fylkeskommunen.

Etter høyringsperioden for planprogram og hovudutfordringar vert det møte i vassregionutvalet dvs. hausten 2019.

Saker

Sak 5 - 2018 Planprogram

Merete Farstad gjekk gjennom utkast til Planprogram for regional vassforvaltningsplan. Det blei bedt om innspel, og da særleg på problemstillingane medverknad, samansetnad av vassregionutvalet og konsekvensar av kommunereforma.

Innspel:

- Vassområdeutvalet er positive til regionale temagrupper, t.d. industripåverknad for Årdal, Odda og Høyanger, sur nedbør for kystkommunane, og vasskraft for dei store vasskraftkommunane.
- Når det gjeld kor mange og kven som skal stille på møte i det nye vassregionutvalet, er det ønskjeleg at ein i staden for å stille med ein representant frå kvar kommune, legg opp til at leiarane frå vassområdeutvala stiller på vegner av resten.
- Vassområdeutvalet ønskjer at grensene for vassområda Indre Sogn og Ytre Sogn endrast slik at heile nye Sogndal kommune blir liggjande innanfor Indre Sogn vassområde.

Sak 6 - 2018 Hovudutfordringar i Ytre Sogn vassområde

Vassområdekoordinator presenterte utkastet til dokumentet Hovudutfordringar i Ytre Sogn vassområde, og oppmoda møtedeltakarane til å kome med innspel til innhaldet.

Innspel:

Det kom ingen innspel.

Sak 7 - 2018 Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion

Susan Solbrå og Merete Farstad informerte om dokumentet Hovudutfordringar i Ytre Sogn vassregion, og oppmoda møtedeltakarane til å kome med innspel på samfunnsutvikling og overordna utfordringar.

Innspel:

- Kommunane nemnde døme på utbyggingsplanar for bustader og næring innanfor sine kommunegrenser
- Det blei påpeikt at negativ folketalsutvikling kan skjule / ta merksemd vekk frå viktige utviklingstrendar med påverknad på vassmiljøet som hytteutbygging og sentralisering innad i kommunane
- Tidligare kartleggingar av friluftsområde, som også inkluderer badeplassar, blei spelt inn som moglege bidrag til kapitlet om brukarinteresser

Sak 8 - 2018 Midlar til fylkesprosjektet for avløp

Handsaming i møte:

Vassområdekoordinator sitt framlegg blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Vassområdeutvalet set av inntil kr 200 000 på budsjettet for 2019 til bruk på fylkesprosjektet for avløp, del 1 opsjon og del 3 opsjon. Samtidig skal vassområdekoordinator søke om midlar frå Miljødirektoratet til del 3 opsjon.